

# *Tiltaksplan 2009-2010 (med utgangspunkt i Kvalitetsplan 2009-2013)*

## *SKOLE:Haram vidaregåande skule*

<i>Kvalitetsområde: Tilpassa opplæring som grunnlag for meistring</i>	
<b>Tiltak:</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>
Gjennomføre testing i matematikk, engelsk og norsk.	I starten av skuleåret skal det gjennomførast testing for vg1 elevar. Avd.leiar er ansvarleg for gj. føringa i sine seksjonar.
Styrking av norskopplæringa for framandspråklege.	Det blir lagt inn fleire timar i veka for å gjennomføre meir norskopplæring for framandspråklege elevar.
Bruk av utvida læringsarena.	Bruk av UB, prosjektarbeid, case, utplasseringar, prosjekt til fordjuping, bedriftsbesøk, eksterne foredrag, studieturar.
Arbeide meir med læreplanforståing, val og bruk av læremiddel, læringsmetodar, evaluering og bruk av IKT.	Læreplananalyse i starten av skuleåret, der faglærarane gjer seg kjent med krav og handlingsrom. IKT-opplæring for elevane i starten av skuleåret, og større krav til kvaliteten på PC-bruken. Avd. leiar er ansvarleg for oppfølging og vidareutvikling i sine seksjonar.
<i>Kvalitetsområde: Inkludering og medverknad</i>	
<b>Tiltak:</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>
Styrking av elevrådet.	Informasjon, oppfølging av val, deltaking på fylkessamlingar, kontakt med elevombodet, oppsett av milepelsplan for skuleåret, god link mellom elevrådsmøte og basismøta, faste møte med elevrådsstyre, elevkontakt og leiinga.
Styrke kontaktlærarrolla.	Styrke og tydeleggjere kontaktlærarrolla, der kontaktlærer får større ansvar for dei sosio-/pedagiske utfordringane for elevane. Dette kan vere i forhold til trivselstiltak, inkludering og elevmedverknad, både for enkeltindivid og basis gruppene. Skulen skal arbeide endå meir for at den enkelte føler seg sett og verdsett. Gjennom året vil ass. rektor ha eit spesielt fokus på at kontaktlærarrolla og at tiltaka vert gjennomførte.
”Mjuk landing”.	Vi vil gjeninnføre ”mjuk landing”, dvs. utvida inkluderingstiltak dei 1. skuledagane. Tidlegare tiltak har sakte men sikkert blitt redusert og erstatta med fag. Elevane kjem frå ulike lokalsamfunn, og vi ønskjer å bruke meir tid på å inkludere, gjere dei betre kjent og trygge dei i skulesamfunnet. Flest tiltak på vg1-nivå. Hovudansvar, kontaktlærarane.
<i>Kvalitetsområde: Samarbeid og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa</i>	
<b>Tiltak:</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>
Detaljert kartlegging av elevsituasjonen i Haram, Sandøy og Midsund, både av nosituasjonen og historikk i dei 5 siste åra.	Innsamling av data frå Elevundersøkingane, Møre og Romsdal fylke, Haram kommune og egne data. I tillegg supplere med kvalitative data, gjennom spørjeundersøkingar og intervju. Kvar blir elevane av og kvifor?
KompetanseHaram 2015.	Langsiktig og målretta samarbeid mellom Haram vgs., kommune og næringsliv og å gje eit så kvalitativt godt tilbod at elevar primært frå Haram, Sandøy og Misund gjer dette til sitt 1. val, gjennom heile den 13.-årige grunnopplæringa.
Utdanningsval, Yrkesmesse, karriererettleiing.	Informere elevar og føresette på ungdomsskular, informasjonsutveksling med rådgjevarar på ungdomsskular, arrangere yrkesmesse, Utdanningsval. Gi egne elevar høve til å orientere seg i kva moglegheite som finst.

***Kvalitetsområde: Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling***

<b>Tiltak:</b>	<b>Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)</b>
Kvalitets-/opplærings sirkular.	Kompetent personell har evne til å lære saman og av kvarandre. Ved å tilrettelegge i forhold til felles tid, gruppesamansetning og ressursar, vil personell over tid kunne heve sin kompetanse innfor eit gitt pedagogisk-/fagfelt.
Lektor II (Utdanningsdirektoratet).	Frå hausten 2009, vil Haram vgs. innfor realfag delta og gjennomføre Lektor II ordninga.
KompetanseHaram 2015.	Deltaking og involvering av fleire tilsette i ulike prosjektet, vil og vere ei form for kompetanseheving.
Internasjonalisering.	Mange tilsette blir involvert i internasjonaliseringsarbeid. Gjennom desse prosessane får dei auka internasjonal komp.
Studietur.	I april 2010 vil personalet gjennomføre ein felles studietur. I tillegg til å vere ein fagleg tur, er dette og med på å skape eit positivt arbeidsmiljø gjennom felles opplevingar og å gi høve til å bli betre kjent.

**Utfylt skjema returnerast som vedlegg til e-post til [peder.magne.solheim@mrfylke.no](mailto:peder.magne.solheim@mrfylke.no) seinast innan 15. juli 2009.**